



Frå Utdanningsforbundet Alver

Til Alver kommune

## UTTALE TIL KOMMUNEDELPLAN OPPVEKST 2023-2034

### Innleiing:

Utdanningsforbundet Alver er godt nøgd med at det no nærmar seg at Alver kommune har på plass ein kommunedelplan for oppvekst. Vi har gått grundig inn i høyringsdokumentet, og synst at det inneheld mykje bra i høve til framtidige satsingar. Vi kjem i denne uttalen til å ta føre oss punkt for punkt, men vil innleiingsvis påpeike tre hovudområde der vi meiner at kommunedelplanen må forberast:

1. Planen gjev ei tydeleg retning i høve til kor Alver kommune vil vere når det gjeld tenestetilbodet innan oppvekst. På ein del område er det gitt eit ganske balansert utfordringsbilette i høve til no-situasjonen. Derimot meiner Utdanningsforbundet Alver at utfordringsbiletet manglar heilt i høve til kva tilbod barn og unge faktisk får i barnehagane og skulane våre i dag, både i høve til innhald og aktivitetar, og generelt i høve til barnehage- og skulemiljø. Høyringsdokumentet beskriv i stor grad korleis stoda skulle ha vore, og seier ingenting om til dels høgt sjukefråvere og stor slitasje på dei tilsette, om mangel på kvalifiserte vikarar, om vedtakstimar (spesialpedagogiske tiltak/spesialundervisning) som ikkje blir gjennomførte, om pedagogar som ikkje får gjennomført plantida si, eller om store utfordringar knytt til ivaretaking av barn og elevar med store reguleringsvanskar og/eller psykiske utfordringar, gjerne i kombinasjon med andre lærevanskar. Det er heller ikkje skissert korleis ein sikrar at dei tilsette jobbar i eit forsvarleg arbeidsmiljø, jamfør m.a. undersøkinga i Alver-skulane hausten 2020, der 46% av dei tilsette melde at dei månadleg eller oftare var utsette for vald og/eller trugslar på jobb.
2. Planen seier mykje om kva dei tilsette skal utføre, og at dei tilsette sin kompetanse er viktig, men ingenting om korleis kommunen skal sikre at desse kompetente tilsette faktisk kjem til, og blir verande i stillingane i kommunen. Kva strategiar har kommunen i høve til å rekruttere og behalde dei tilsette, og kva korleis vil kommunen leggje til rette for naudsynt kompetanseheving for alle grupper av tilsette?
3. Planen skisserer i pkt.7 ulike tiltak for dei neste åra, både tiltak som krev finansiering, og tiltak som ein meiner ein skal greie innanfor dei rammene ein har. Ein del av desse tiltaka føreset at nokre av kommunedirektøren sine framlegg til innsparingar i økonomiplanen for 2023-26 blir stoppa. Det gjeld mellom anna nedlegging av spesialpedagogisk støtteining for barnehagane, nedlegging av MOT-satsinga og stenging av fritidsklubbar. Dersom desse sparetiltaka blir vedtatt av Kommunestyret i desember -22, må tiltakslistene i kommunedelplanen gåast igjennom heilt på nytt, då vi vil gå inn i 2023 med eit dårlegare tilbod enn planen tar utgangspunkt i.

## **Kommentarane til dei ulike delane:**

### Føreord eller innleiing:

- Det er skissert alle dei ulike gruppene og interessentane som har vore med i arbeidsgrupper, referansegrupper med meir, men ikkje kven som har vore med i prosjektgruppa. Dette bør vel vere med, i og med at det fleire gonger blir referert til prosjektgruppa.

### Pkt.2.1.:

- Side 10 - Rydde opp i tala på kor mange skular vi har i kommunen, - er vaksenopplæringa ein grunnskule eller ikkje?
- Side 11 – I organisasjonskartet bør det stå «Tilsynsmynde barnehage» og ikkje «Mynde barnehage».

### Pkt.2.3.:

- Her må det seiast noko om samanhengen med økonomiplanen, inkludert om faren for at ulike tiltak vi i dag har i høve til førebygging og tidleg innsats er føreslått kutta eller redusert.

### Pkt.3.1.:

- Side 22 – Under måla står det at vi har fleire ulike tilbod som er føreslått kutta eller redusert, t.d. MOT og Salto. Her trengst det redigering dersom kutta blir gjennomførte.
- Side 23 – Under målet om at innbyggjarane i Alver får teneste tilpassa sine behov står det at kommunen vil ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpsløysingar. I dag manglar barnehagane og skulane eigne nettsider. Udf Alver meiner at dette må vere ei prioritert satsing som blir skriftleggjort i planen.
- Side 24 – Siste setninga seier at vi skal ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Udf Alver meiner at det her må seiast noko om korleis kommunen vil møte dei arbeidsmiljøutfordringane som tilsette opplever som store i dag.

### Pkt.3.2.2.:

- Her blir det vist grafer som heiter «Utgiftsutvikling per sektor» og som skal skissere «Endra utgiftsbehov som følgje av demografiske endringar». Desse «titlane» er misvisande i høve til forklaringa som kjem i avsnittet under tabellen. Her bør det ryddast opp.

### Pkt.3.3.:

- Side 31 – Her blir det vist til førebyggjande tiltak som vi har i dag, men som er føreslått kutta.
- Side 32 – I første avsnitt om «Psykisk helse og rus» bør det ryddast språkleg, då det psykiske plagar, problem og psykiske vanskar blir nemnt om kvarandre.
- Side 33 – I siste avsnitt står det om retningsline for måltid i barnehage, skule og SFO. Kva er tenkt for skule i så måte, som ikkje har eit mattilbod per i dag ( - nokre skular har kantinedrift)?

- Side 34 – Under «Vald og seksuelle overgrep» bør det seiast noko om korleis rett kompetanse og bemanning aukar sjansen for å avdekkje om barn/elevlar blir utsette for overgrep, og om konsekvensar av stadig låg bemanning og mykje byte av tilgjengelege vaksne. I nest siste avsnitt står det at helse- og skulehelsetenesta er viktig i høve til førebygging, avdekkjing og avverging. Er ikkje dei tilsette i barnehagane og skulane viktige, sidan dei ikkje blir nemnt?

#### Pkt.3.7.:

- Side 44 – Både under «Tidleg innsats» og «Læring, livsmeistring og utvikling» står det nemnt førebyggjande tiltak som kanskje forsvinn. I tillegg står det nemnt som utfordring at bemanninga i barnehagar og skular er låg i høve til å kunne drive med tidleg innsats på ein god nok måte. Det er føreslått ytterlegare kutt i bemanninga, og det bør kome fram ein plass kva dette vil seie for tidleg innsats.

#### Pkt.4.2.:

- Her må avsnittet om spesialpedagogisk støtteining endrast dersom eininga blir fjerna.
- Under «Lovkrav» står det at «barnehagane blir drive i samsvar med lov om barnehagar med forskrifter, og dei til ein kvar tid gjeldande kommunale vedtak». Udf har gjentatte gonger tatt opp at lovkrav ikkje alltid blir følgt.
- Dette punktet seier korleis stoda skulle ha vore i barnehagane, og gir ikkje eit balansert bilete av korleis stoda faktisk er.

#### Pkt.4.3.:

- Under «Skulehelseteneste» bør det kome fram noko om dagens utfordringar med å gje hjelp og støtte til alle som treng det.

#### Pkt.4.4.:

- Under dette punktet finn vi ingenting om dagens utfordringar knytt til innhaldet i skulen og til skulemiljøet. Derimot er det skissert utfordringar både når det gjeld skulebygg, symjeopplæring og skuleveg. Her må vi ha ei meir balansert framstilling av korleis stoda er i dag.

#### Pkt.5.1.:

- Under dei ulike artiklane i Barnekonvensjonen er det i siste avsnitt sagt at «Dei tilsette må saman reflektere over.....». Dei tilsette i barnehagane og skulane har knapt nok tid til samhandling kring den daglege drifta, og treng avsett eigen tid til denne type refleksjon.

#### Pkt.5.2.:

- Førebygging og tidleg innsats er grunnpilarar i Oppvekstreforma. I tillegg står det nedst s.61 og øvst s.62 at satsing på tidleg innsats er ei investering som vil spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Nå overskrifta er «Oppvekstreforma – Kva betyr det for Alver?», så bør ein reflektere over kva konsekvensar stadige kutt i førebygging og tidleg innsats vil få på lengre sikt.

#### Pkt.5.3.:

- Her blir både tidleg innsats og tilgjengelege vaksne nemnt som prioritert målsetjing både nasjonalt og lokalt. Korleis vil Alver kommune følgje dette opp i praksis?
- Side 67 – Her er det veldig tynt om kommunale målsetjingar for skule og kvalitet i opplæringa. Det står faktisk meir om rammeplanen for SFO enn om mål for skulane.

- Side 68 – Her er lista opp nasjonale ambisjonar for barnehagane. Korleis vil Alver kommune støtte opp om desse ambisjonane?
- Side 70 – Siste avsnitt under «Rammeplan for SFO» høyrer heime under barnehage.
- Side 71 – Under «Digitalisering» står ikkje dei tilsette nemnt unntatt når det gjeld kompetanse kring personvern. Her bør det stå noko om både «profesjonen si stemme», og om utfordringar kring godkjenning av digitale læremiddel samt opplæring.
- Side 73 – Under «Kompetanse» bør det seiast noko om korleis ein i Alver kommune ligg an i høve til spesifikke kompetansekrav i m.a. barnehagar og skular, og kva som blir gjort for å stimulere til naudsynt kompetanseheving der vi manglar kompetanse.

#### Pkt.5.5.:

- Både under dette punktet og fleire andre punkt bør det stå noko om korleis Alver kommune skal følgje opp barn og elevar når dei kjem til oss frå andre kulturar og utan å ha eit verbalt språk som dei kan kommunisere med.

#### Pkt.5.6.:

- Under «Tverrfagleg samarbeid» bør det nemnast utfordringane med at det tverrfaglege samarbeidet i ein del samanhengar «stel» timar til direkte arbeid med barn og unge, t.d. innan skulehelsetenesta.

#### Pkt.5.7.:

- Det kan seiast mykje om vaksenrolla. Her burde det seiast noko om korleis ein skal sikre at vi har dei rette tilsette som greier å fylle alle krava/ønska til vaksenrolla, det vil seie å rekruttere, utvikle og å behalde kompetente tilsette.

#### Pkt.6.:

- Her bør det i alle fall kome med noko om ivaretaking av framandspråklege og framandkulturelle.

#### Pkt.6.2.:

- Under «Å bli sett og ivareteke» ønskjer Utdanningsforbundet Alver at det skal utarbeidast ein standard for bemanning i ulike arbeidssituasjonar, basert på ROS-analyse. Dette for å kunne ivareta lovpålagt observasjon, samt å vere tett nok på til å kunne gripe inn når uønskte situasjonar oppstår.

#### Pkt.6.3.:

- I nest siste blir det snakka om refleksjon, analyse og kollegabasert kompetanseutvikling. For å få dette til, må det anten bli sete av meir tid til samarbeid, eller så må andre arbeidsoppgåver bli nedprioriterte.

#### Pkt.6.5.:

- I andre avsnitt bør første setning endrast til «Kompetanse er i denne samanheng forstått som ikkje berre formell kompetanse i form av utdanning og studiepoeng, men og erfaring».
- Under pkt.6.5.1.1 står det at det skal bli utvikla system for lokale arbeidsmiljøtiltak. Dette bør bli verbalt beskrive under pkt.6.5.

#### Pkt.7.1.:

- Dersom tilbodet med spesialpedagogisk støtteining, MOT, Salto, tidleg innsats og fritidsklubbar blir redusert eller fjerna, så vil det vere eit langt tilbakesteg i høve til det

førebyggjande arbeidet innmot barn og unge. Det må i så fall føre til ei omlegging av listene i pkt.7.1.1 og 7.2.1.

Pkt.7.1.1.:

- Det bør seiast noko om kva ein årleg konferanse for oppvekstsektoren skal gå ut på.
- Endre teksten i det tredje tiltaket til «Styrke bemanninga i barnehage når pedagogane tar ut plantida». Dette tiltaket ligg inne i planen år 2025. Vi meiner det må komma tidlegare.

Pkt.7.2.1.:

- Første tiltak – skal det utarbeidast standard òg for barnehage, eller berre skule? Ordlyden rettar seg inn mot skule sånn som det står no.
- Det står ikkje noko om kva tidsperiode ein skal jobbe med standard for tilpassa opplæring.
- Tredje tiltak – Utdanningsforbundet Alver har erfaring med at det i Alver kommune innimellom blir gjort forsøk på å omgå kompetansekrav til stillingar, og forventar at dette punktet dreier seg om å sikre at kompetansekrava blir følgt.

Pkt.8.1.:

- I oversikta over ulike møte og møteplassar, er informasjons- og drøftingsmøta med hovudtillitsvalde heilt fråverande. Dette må inn i lista.

Knarvik 28.11.2022

Styret i Utdanningsforbundet Alver